

Innspel faste tilskot kultur, sak 24/20 Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Styret i Stiftinga Lyngheisenter vil takka for sak om faste tilskot kultur, sak 24/20 som er lagt ut på høyring og styret vil nytta høvet til å levera høyringssvar.

Styret ser høyringa og det arbeidet utvalet har framom seg som ein god mogelegheit for det breie politiske miljøet i Alver å verte betre kjend med Lyngheisenteret.

Lyngheisenteret er eit av områda i ein 5000-årig lang europeisk landbrukstradisjon og driftsmåte som strekker langs heile vestkysten i Europa, frå Portugal i sør til Lofoten i nord. Lyngheisenteret er med si drift, unik lokalt, nasjonalt og internasjonalt og har m.a. stor internasjonal merksemd.

Lyngheisenteret er ein kombinasjon av naturvitenskapleg og kulturhistorisk museum. Dette skil Lyngheisenteret frå meir tradisjonelle museum, med gjenstandsframvising innomhus. På Lyngheisenteret er det landskapet, drifta av kulturlandskapet, bygningar i landskapet, forminner, kunnskapsinnhenting, forsking og formidling av dette som utgjer museet.

I tillegg utgjer området rundt og tilstøytane Lyngheisenteret ei aktivt landbruksdrift, samt reiselivsdrift, noko ein ser særskilt verdifullt i desentraliserte tilbod i Alver.

Eit fast driftstilskot frå Alver kommune er viktig då dette gir føreseielege rammer og bidreg til at det vert enklare å vidareutvikle seg som ein læring, kunnskap, opplevingsarena og merksemd, særleg lokalt men også nasjonalt og internasjonalt. (sjå elles skriv vedlagt frå dagleg leiar om dagens driftsform og samarbeidspartnarar).

Eit fast driftstilskot til Lyngheisenteret byggjer også eit godt omdøme til Alver kommune. Med eit fast tilskot er det også lettare å gå til eksterne bla næringsliv, fylket mm og se om støtte / sponsor midlar når ein får ei fast støtte frå kommunen .

Lyngheisenteret sitt arbeid og virke samsvarar godt med strategiar nemnd i saksframlegget: «*Vere ein føregangskommune innan kulturvern, og sikre immateriell og materiell kulturarv, styrke stadkjensle og kunnskap om lokalt sær preg, språk og identitet*»

Avslutningsvis vil styret oppmoda utvalet til å ta ein tur til Lyngheiene og Lyngheisenteret for sjølv å verte betre kjend med senteret og det viktige arbeidet som vert gjort for å ivareta kulturlandskapet og ikkje minst driftsforma som har livberga folk og fe i tusenvis av år. De er hjarteleg velkomne.

Med venleg helsing

Styret stiftinga Lyngheisenteret.